



ULSTEIN KYRKJE

Saman på ferda



# *Ulstein Sokn*

# *Årsmelding 2016*

Godkjent av Ulstein sokneråd i S-sak 2017/13



DEN NORSKE KYRKJA

*Meir himmel på jorda*




Foto: Per Eide

Den Norske Kyrkja  
Ulstein Sogn  
Kyrkjekontoret  
Sjøgata 61 (Pb. 143)  
6067 Ulsteinvik  
Tlf.: 70 01 76 80

Nettside Ulstein sokn: [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)  
Nettside Ulstein nye kyrkje: [www.ulsteinnyekyrkje.no](http://www.ulsteinnyekyrkje.no)  
Epost: [post@ulsteinkyrkje.no](mailto:post@ulsteinkyrkje.no)



# INNHOLD

---

Innleiing - Ei ny tid krev mot.....	4
Ei folkekyrkje i vekst .....	7
Kyrkjeleg årsstatistikk.....	8
Ulstein sokneråd.....	11
Prestetenesta .....	12
Gudsteneste – saman for Guds åsyn .....	14
Diakoni – saman for vår neste.....	16
Undervisning – saman i læring og praksis.....	21
Kyrkjemusikk – saman til Guds ære og glede for kvarandre.....	25
Misjon – saman om å dele evangeliet.....	28
Barn og unge – saman for ein trygg oppvekst.....	28
Frivillige medarbeidarar – den viktigaste ressursen.....	30
Tilsette .....	31
Bygg og anlegg.....	33
Ulstein nye kyrkje.....	34
Økonomi .....	35
Informasjon og kontakt.....	38
Sluttord .....	39





# INNLEIING - EI NY TID KREV MOT

For 170 år sidan var forfedrane mine med på å setje opp ei ny kyrkje etter at den gamle ble øydelagt av lynnedsdag. Eitt år brukte dei. Det er som eit under. Dette var fiskarbønder utan overskot av verken pengar eller tid. Dei brukte av det dei ikkje hadde, og gav det likevel. Korleis greidde dei det så fort? Det måtte vere sterke kjensler som dreiv dei. Dei måtte oppleve det som avgjerande at kyrkja stod der. Det var tomt der ho skulle ha stått. Noko mangla i liva deira

Dette tenkjer eg på veg inn i det som kanskje kjem til å bli kalla «gamlekyrkja», dette underet av eit bygg som reiste seg ute på Ulstein i 1848, og som seinare blei flytta til Vik fordi det var her sentrum låg. Steinane i trappa har blitt trakka av tusenvis av føter. Nokre gonger har stega vore lette og takknemlege med eit nytt barn i armane. Her har gått spente tenåringsføter på veg inn med konfirmantkappa slepande. Her har blitt kasta ris på lykkelege brudepar. Nokre steg har vore vanskelege, med ei kiste tyngande mellom seks par føter. Men trappa har halde dei oppe.

Englane i taket har vore vitne til at folket i kyrkjebenkane har endra seg på 170 år. Då kyrkja var ny, hadde ikkje barna leikekrok og teiknetavler for å halde seg i ro. 1800-talsbarna sat stille og kunne sitt «fadervår», men dei fekk ikkje gå til nattverd. Dei deltok ikkje slik som dei små kyrkjesvalene som no ber kors, tener lys og tørker dåpsbarnet på hovudet. Orgelet bruser som før, men tonane blir fylte ut av trommer og gitar, og ungdommar som syng engelske låtar med stort frimod. Her er korte toppar og buksar med hól på knea sjølv under høgmessa, der heile klede tidlegare var ein føresetnad for kyrkjebesök. Men


bunadene er dei same.

Engelen med seks fingrar, ja det er den yngste av dei, han som fekk plassen der røykrøret frå den gamle vedovnen stod, har observert mykje som har endra seg. Før fekk han litt ro frå søndag til søndag. No ljomar det mellom veggane på ein vanleg tysdag ettermiddag, når tårnagentane er på jakt etter noko i kyrkjetårnet. Eller ein torsdag når ei av konfirmantgruppene har møtet sitt. Endåtil om natta kan det vere vanskeleg å få ro, når sjetteklassingane skal vere «lys vakne». Her er påskevandring og sauesanking så kyrkjeskipet svaiar der det heng under taket. Han kan høre alle slags tungemål, då mange har funne eit ankerfeste for sitt skip nettopp her, på flukt frå ei uroleg fortid. Prestane, ja den eine ser ut som ein konfirmant, og den andre er sanneleg kvinne, er å sjå i så mange situasjoner. Ein dag har han samtale med dei to som no har fått sitt første barn, men er i tvil om dei skal døype barnet, eller la det få velje sjølv. Seinare har ho besøk av ei som slit etter samlivsbrot, eller ein som har mist både jobben og håpet. Dei viser ikkje alltid i statistikken. Men dei går opp dei same trappene.

«Kyrkja ho er eit gamalt hus». Vi er glade i dei gamle steinane, i veggane og englane. Vi har framleis dei sterke kjenslene, som fiskarbøndene hadde då dei torde å satse. Men «gammal» og «tradisjon» er ikkje alltid honnørord i seg sjølv, for då kan vi bli sitjande med eit tomt skal. Forfedrane våre torde å tenkje nytt. Dei flytta kyrkja til den staden der folket var. Kanskje må vi tote å bygge ei kyrkje for folket, slik det er?

Ei ny tid krev mot. «Og ingen fyller ny vin i gamle skinnsekkar», sa meisteren sjølv.

*Liv Osnes Dalbakken, Ulstein sokneråd*




B L I  
K Y R K J E -  
B Y G G A R  
I V Å R T I D





## UNGDOM SATSAR PÅ GUDSTENESTE


På årsmøte 2016 la ungdomar fram sine ønske for kyrkja: Regelmessig ungdomsgudsteneste var det dei ønskja mest. Hausten 2016 starta vi med ungdomsgudsteneste DRYPP.



## FOLKEKYRKJA STÅR STERKT


Kyrkja spelar ei viktig rolle i livet til folket i Ulstein. Oppslutning om både dåp, konfirmasjon har auka i 2016 og fleire blei vigsla til ektefolk dei siste åra.

Foto: Kristoffer Nærø Ytterland



## BIBELSKATTER FRAM I LYSET

I høve Bibelskapet sitt 200 års jubileum inviterte Ulstein sokn til å stille ut gamle biblar folk har heime. Mange kom med sin bibel (om lag 150 biblar) og fortalte si historie. I samarbeid med biblioteket blei det laga ei utstilling. Dei to eldste biblane var frå 1718 og 1719.



## EI AKTIV KYRKJE TRENG EIT STØRRE HUS

Ulstein sokn har aktivitet langt utover det vi har lokale til. I gjennomsnitt når vi ut til meir enn 1000 menneske kvar veke. Den nye kyrkja skal huse kyrkja sitt arbeid inn i ei ny framtid.





Arkitektkontoret Snøhetta vant arkitektkonkurransen for Ulstein nye kyrkje.

# EI FOLKEKYRKJE I VEKST

Kyrkja veks i takt med folketallet. Det er fleire pilar som peika oppover for Ulstein sokn:

- fleire gudstenester/ deltakarar på gudstenester

- fleire konserter og kulturarrangement
- høgare oppslutning om dåp og konfirmasjon
- auka offerinntekter til formål utanfor soknet sitt arbeid





# 1 KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK

## 1.1 KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK FOR 2016

	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Medlemmer i DNK	6 358	6 477	6 557	6 558	6 539
Innmelde i DNK	3	1	1	3	8
Utmelde av DNK - i alt	8	9	16	41	64
Døypte nyfødte – busett i soknet (% av fødte i kommunen 2016) *	61 (69%)	71 (81%)	71 (75%)	79 (79%)	63 (88%)
Dåpshandlinger i Ulstein kyrkje *	67	85	83	88	68
Giftarmål med forbøn	9	7	6	12	12
Giftarmål-busett Ulstein	4	2	5	7	9
Borgarleg giftarmål - forbøn	0	1	0	1	0
Gravlagde	50	43	48	40	56
Konfirmerte (% av 15åringer i kommunen)	90 (87%)	114 (89%)	107 (88%)	111 (82%)	91 (83%)
Gudsteneste – samla tal	14 427	17 158	15 639	14 810	15 544
Gjennomsnitt.	195	235	195	203	185
Antall gudst. Søn-/helgedagar	65	61	60	57	61
Hovudgudsteneste søndag/helg	13 602	14 191	13 773	11 039	12 871
Gj.snitt Hovudgudsteneste	209	232	229	194	211
Antall - Andre gudstenester	9	12	20	9	23
Andre gudstenester	825	2967	1 866	3 771	2 673
Gj.snitt Andre gudstenester	91	247	93	236	116
Antall – Gudstenester med nattverd	55	52	56	49	53
Gudst. Med nattverd – i alt	6 397	6 217		4 608	5 478
Gj.snitt nattverd - i alt	116	119		94	103
Hovudgudst. - Nattverddeltaking	5 986	5 836	5 806	4 835	5 478
Hovudgudst. -gjennomsnitt nattverd	149	138	103	97	103
Antall – Familie- og barnegudst.	13	10	11	10	12
Familie- og barnegudst. – delt.	3 016	2 377	2 282	2 190	2 958
Antall – gudstenester for ungdom	14	13	8	7	10
Gudstenester for ungdom – delt.	4 039	4 556	2 335	1 834	2 067
Antall – gudst. for skuleelevar	3	3	3	3	3
Gudstenester for skuleelevar – delt.	1 162	1 199	1 203	1 284	1 181
Antall – gudstenester for b.hagar	3	2	3	3	3
Gudstenester for barnehager – Delt.	386	235	355	338	338
Antall - Julaftengudsteneste	2	2	2	3	4
Julaftansgudsteneste - deltararar	947	982	878	963	1 123
Antall – Økumeniske gudstenester	0	0	0	0	0
Kyrkjeofringar	362 568	382 619	385 103	343 579	450 075
Av dette – offer til eige formål	138 854	137 246	119 705	128 481	173 155
Minnegåver ved gravferd	41.754	23.888	60.536	51 241	31 102
Fasteaksjonen – Kirkens Nødhjelp	91 138	103 416	119 999	109 075	129 911

\* i samband med ny samanstilling av tal for både dåpshandlinger i Ulstein kyrkje og talet på døypte som bur i soknet har det vore registrert nokre avvik i forhold til tidlegare publiserte tal for årene 2012 – 2015. 2016-tal baserer seg på innrapportert data januar 2017.

## KOMMENTAR TIL KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK

### TRUFASTE MEDLEMAR

Ulstein sokn har trufaste medlemmar som utgjer eit rikt og stort mangfald. Soknet er takksame og avhengige av medlemmar som kjenner på ulik tilknytning til kyrkja si. Dette mangfaldet gjev seg uttrykk i stor oppslutning kring dåp, konfirmasjon og gravferd. Her står Ulstein sterkare enn landsgjennomsnittet og tala frå Møre.

Vi er audmjuke og takksame for at av alle fødde i Ulstein i 2016 valde 88% å døype borna sine. 83 % av ungdomskullet vel å følge konfirmantundervisninga og konfirmere seg i kyrkja. Av 55 registrerte dødsfall i Ulstein var det ei hinduistisk gravferd, ei gravferd av Bibelsenteret i Ørsta, 1 av Frikyrkja - og 55 gravferder utført av kyrkja (talet kjem av 2 som var folkeregistrert i annan kommune, og ein person var utan personnummer). Vi har dei siste åra satsa på vigsel i soknet med vederlagsfrie vigslar for medlemmar uansett folkeregistrert adresse, og moglegheit for vigslar utandørs - og vi ser at vigselstala har dobla seg siste åra. Vi vonar fleire vel å gje born og kvarandre trygge juridiske rammer rundt forholdet, gje kvarandre løfte om truskap og eit uendeleg antal med dagar - og feire dette med fest og bøn om Guds velsigning.

### STOR GUDSTENESTEDELTAKING

Ulstein sokn er på landstoppen med snittal på 211 deltagarar på gudstenester, det varierer frå 12 stk på morgonmesse, til julafstan med så høge tal at mange ikkje får sitteplass. 23 gonger har besøkstalet på gudstenester vore over 300, og 14 gongar i året har vi ikkje hatt nok sitteplassar til alle. Dette må ikkje hindre folk i å kome, for det er flott å kjenne på at vi er mange som er ilag. Vi arbeider systematisk med gudstenestene slik at alle skal kjenne seg velkommen og at det er plass til alle.

### DIGITALT MEDLEMSREGISTER FRÅ 2016

Når det gjeld medlemstal har Den norske kyrkja i 2016 rydda opp i medlemsregisteret. Registeret var i 2016 gjort digitalt og digital utmelding har mange unge nytta seg av. Eit par og to familiar melde seg ut, men vi følger slik landstrenden med at det er mest «unge og digitale» utmeldingar. Med 88% oppslutnad om dåp og 8 personar som har meldt seg inn, helsar vi dei og fleire velkomne i kyrkja.

Det er viktig at ingen er medlem mot si vilje, og det er naudsynt å opplyse at kyrkja sine tenester og trusopplæringstilbod er for medlemmar. Det er viktig at ein i familiar snakkar om livssyn og religiøs tilknytning til sine nærmaste, særleg med tanke på korleis ein vil ha det når ein dør. Ulstein kyrkje er for Den norske kyrkja sine medlemmar, vi avviser hittil ikkje gravferdsseremoni for ikkje-medlemmar, men då kostar alle tenester. Dette opplever vi vert ei vanskeleg ekstrabelastning både praktisk og økonomisk for familiar i ein allereie sårbar situasjon.

### DEN NYANSERTE SAMTALEN

Ulik syn på samkjønna vigsel har vore ei utfordrande sak gjennom 25 år. Soknet har valt å stå i forsoninga si teneste og bygge bru mellom motstridande standpunkt. «Den nyanserte samtalens» har lagt grunnlaget for at ein kan vere ueinige og samstundes ikkje ta frå kvarandre trua, Bibelen og fellesskapen. I motsetnad til sosiale media og innlegg i lokalpressa har kyrkja opplevd møtestader med respektfulle samtalar og omtalar av våre medmenneske, våre naboar og foreldre til born i skulen. Saka vekker sårbarheit, kjensler og engasjement, og det å leve med ulike syn krev noko av alle også i åra framover; Korleis snakkar vi til og om kvarandre, og i kva fora diskuterer vi sak. Det er Jesus, kyrkja sin Herre og Meister som gjev oss einskapen og kallet til å elske kvarandre og høyre saman. I den same døypefonten vert vi døypte, i den same Skrifta vi søker frelse, meinings og livstolking – og vi sit på same tofta i kyrkjeskipet og kneler ved same alterring. Vi høyrer saman, sjølv med ulike standpunkt og meininger.

### EI KYRKJE FOR ALLE

Kyrkja er snart den einaste staden i samfunnet der vi møtest på tvers av generasjonar, sosial status og interesse. Ho er eit viktig teikn i ei tid med inndeling i nettverk og interessefellesskap som gjer at mange kjenner på utanforsk og einsemd. Kyrkja forvaltar ord og sakrament, - ope og offentleg for at alle som vil delta. Likedan er alle vedtak og prosessar demokratisk forankra og opne for innspel, innsyn og kritikk. Kyrkja er ingen eksklusiv vennegjeng for likesinna, men har si forankring i ein inviterande fellesskap, fordi Jesus sjølv inviterte alle til å ta del. Dei som ynskjer mindre fellesskap med kjennskap og vennskap finn det i mange lag og tiltak som bibelgrupper, foreiningar og



samtalegruppe. Men det er viktig å minne om at ei kyrkje er og skal vere ein open fellesskap. Slik er ho eit teikn i ei tid som sekulariserer og deler samfunnet og tilværet i interessegrupper.

## Å VERNE OM MENNESKJE OG DEI KRISTNE VERDIANE

Kyrkja er ein stille tenar og eit levande fellesskap, og eit bygg knytt til dei store hendingane i livet- i glede og sorg. Ulstein kyrkje er ein identitetmarkør for Ulsteinsamfunnet og forvaltar eit viktig fundament ved å overlevere og vitalisere den kristne og humanistiske kulturarven til komande generasjonar. Eit rikt kulturliv og eit godt førebyggande arbeid legg grunnlaget for eit truverdig uttrykk for diakoni og nestekjærleik. Ingen er perfekte, og i kyrkja skal du også sleppe å vere det. Her skal også alle som fell utanfor eller er nyinnflytta til landet, kjenne at dei kan høre til. Kyrkja sitt arbeid er vidtfemnande og vanskeleg å talfeste. Det eigast ikkje av dei tilsette. Det er vårt. Vi er takksame for alle som i stort og smått er med i ulike båtlag. «Saman på ferda» legg grunnlaget for kyrkja i notid og framtid.


## KYRKJA ER LANGT MEIR ENN GUDSTENESTE PÅ SØNDAG KL. 11.00

Kvar veke er over 1000 menneske innom kyrkja, og finn mening, utfordring, glede og fellesskap. Det er vår glede og utfordring å vere kyrkjebyggjarar i vår

tid. Kyrkja i Ulstein står solid i ein 2000-årig arv og ein 1000-årig tradisjon som kyrkjebyggjarar i bygg og arbeid. Aktivitetar i ei heilt vanleg veke kan til dømes vere: Stille time, andakt på sjukeheimen, 3 dagar med open barnehage, bibelttime, 3 ettermiddagar med konfirmantundervisning, øving for fleire kor, dåpsamtale, trusopplæringstiltak, gravferd, sorggruppe, vigslé, gudsteneste, kyrkjekaffi og opp til fleire sjelesorgsamtalar og ulike møtepunkt med frivillige for å planlegge og førebu aktivitetane.

Ulstein kyrkje er ikkje eigna til fleire av desse aktivitetane, og soknet må leige seg inn på Fredheim, Sunnmøre folkehøgskule og av og til andre samlingslokale. To dagar i veka må vi halde av kyrkja til gravferd. Verken Fredheim eller Ulstein kyrkje er universelt utforma.

Deltaking i aktivitetar (gjennomsnitt personar per dag)



# **2 ULSTEIN SOKNERÅD**

---

## **2.1 MEDLEMMAR I ULSTEIN SOKNERÅD/ULSTEIN KYRKJELEGE FELLESRÅD 2015 – 2018**

1. Annelise Kleven Godø	41631777	annelise@jkleven.no
2. Lars Osnes Fiskerstrand	95975041	lars.fiskerstrand@rolls-royce.com
3. Knut Einar Tokheim	48170106	knut@moreskule.no
4. Hennie Anett Viseth	95949619	hennieanett@hotmail.com
5. Hannelore Måseide	90924714	hannelore@stayon.no
6. Liv Osnes Dalbakken	94311080	liv.osnes.dalbakken@mrfylke.no
7. Susanne Gamlem	47383372	susanne75@hotmail.com
8. Inger Margrethe Roppen	47889877	ingerroppen@gmail.com
9. Sokneprest Margit Lovise Holte	70017683	sokneprest@ulsteinkyrkje.no

### **VARAMEDLEMMAR**

1. Arne Sivertstøl	91852775	sivert1@online.no
2. Ingvill Merete Kolshus Hopland	90837257	kingvill@gmail.com
3. Peder Kristian Heimland	48173551	pedhei@online.no
4. Karianne Sveen Orvik	92299232	karianneorvik@gmail.com
5. Tørris Hegdal	90945385	th@sufh.no

Sokneprest i Hareid, Leidulf Grimstad er vikar for soknepresten i Ulstein

### **KONSTITUERING**

Leiar:	Annelise Kleven Godø
Nestleiar:	Lars Osnes Fiskerstrand
Sekretær:	kyrkjeverje Christfried Kaul

### **ULSTEIN KOMMUNE SIN REPRESENTANT I KYRKJELEG FELLESRÅD**

Ordførar Knut Erik Engh	95766692	ordforar@ulstein.kommune.no
-------------------------	----------	-----------------------------

### **KOMMUNAL VARAREPRESENTANT**

Steinar Torvik	90688439	steinar.torvik@havyard.com
----------------	----------	----------------------------

### **ARBEIDSUTVAL**

Annelise Kleven Godø, Lars Osnes Fiskerstrand, Hannelore Måseide og Margit Lovise Holte

1. Varamedlem	Inger Margrethe Roppen
2. Varamedlem	Liv Osnes Dalbakken
Sekretær	Kyrkjeverje Christfried Kaul

### **KONTAKTPERSONAR**

Kirkens SOS	Inger Margrethe Roppen
Kirkens Nödhjelp	Knut Johan Rønningen
Det norske Bibelselskap	Kateket Bjørn Losvik
Komit� for kyrkjekaffi:	Diakoniutvalet

## **2.2 SAKER FELLESRÅDET OG SOKNERÅDET HAR ARBEIDD MED**

- Ferdigstilling av lokal plan for trusoppl ring
- Ulstein nye kyrkje
- Gjevarteneste og oppretting av fond for bygging av Ulstein nye kyrkje
- Fornying av frivillig engasjement
- Kyrkjelydsfellesskap
- Val av nemnder og utval
- Satsing p  ungdom i kyrkjelyden
- Evaluering og drift av barnehage
- Justering av betalingssatser
- Budsjett og rekneskap
- Offers knader 2017

# 3 PRESTETENESTA

## NY KAPELLANSTILLING I ULSTEIN

2016 var eit gledeleg år for prestetenesta i Ulstein, då vi etter mange år med underbemannning fekk tildelt ei prestestilling av Møre bispedøme. Vi er glade for at vi fekk to kvalifiserte, unge søkerar i tider med ledige prestestillingar utan søkerar. Jørgen Skogestad Kleiven tok til i stillinga 1. 8. 2016 som Ulstein sin fyrste kapellan, og soknet har no presteressursar i tråd med folketal og medlemstal.

Sokneprest Margit Lovise Holte i 100% stilling leier prestetenesta og dei faglege områda er likt fordelt mellom prestane, då begge har kvalifikasjonar til å utføre heile breidda av prestetenesta. Det er godt å sjå korleis lokalsamfunnet og kyrkjelyden har teke varmt imot kapellan Kleiven. Saman med sokneprest i Hareid; Leidulv Ø. Grimstad, utfører presteskapet turnus i tenesteveker, og vaktberedskap.

## MANGFALDIG GUDSTENESTELIV

Prestetenesta har ansvar for kyrkjelege handlingar og gudstenester, med forkynning av Ordet og forvalting av sakramenta. Vi gler oss over god oppslutnad kring dåp, konfirmasjon og vigsel, at mange vel gravferd som avskil (sjå kyrkjeleg årsstatistikk), og ei unikt godt oppmøte i gudstenestene. Gudstenestelivet rommar eit mangfald frå livlege barnegudstenester til meditative høgmesser, og vi gler oss over at terskelen for å gå til alters er senka og fleire deltek i nattverden. I 2016 arrangerte vi 80 gudstenester; 60 forordna på søn- og heilagdagar og 20 andre gudstenester. Nykomaren «Drypp» ungdomsgudsteneste er eit etterlengta tiltak for ungdom.

## TVERRFAGLEG SAMARBEID MELLOM TILSETTE OG FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR

Prestetenesta gler seg over tverrfagleg gode samarbeid med tilsette og mange frivillige medarbeidrarar. Samhandlinga med medarbeidrarar, organisasjonar og lag er knytt til aktivitetar og gudstenester. Kvar gudsteneste deltek frå 8 – 30 medarbeidrarar med alt frå musikk, song, tekstlesing, forbøn, drama, - og det var svært gledeleg at frivillige medarbeidrarar også taler på somme gudstenester. Den fyrste kvinna med


minoritetsbakgrunn leia bibeltime på Fredheim i 2016. Desse tema- og bibeltimane har auka frekvensen og gjeve naudsynt fordjuping og fellesskap. «Endeleg torsdag» er eit enkelt middagstilbod med oppmøte frå 60 – 120 personar, og er ein god vekst til det fellesskapsbyggande og diakonale arbeidet.

## DEN STILLE OMSORGSTENESTA

Vi ynskjer å vere eit truverdig reisefylge og ein respektfull medvandrar gjennom livet og er takksame for sterke menneskemøte i glede og sorg. Den stille omsorgstenesta med samtale, forbøn, besøk og sjelesorg utgjer 175 samtaler i året for presteskapet. I tillegg kjem dåpssamtalar, vigselsamtalar, tilkalling til døyande og samtalar ved gravferd og i sorggrupper. Vi følger også mange familiar over tid i sjukdom og krisesituasjonar. Reknar vi diakonen sine samtaler i denne samanheng, utgjer det i god overkant av 400 konfidensielle samtalar med menneske i sårbare livssituasjonar. Det er også avgjerande viktig for oss å vise omsorg for flyktningar og medmenneske som er i naud.

## SKULEGUDSTENESTER

Ein lang tradisjon med skulegudstenester siste skuledag vart endra 2016. I dialog med skulekontoret fylgjer vi nasjonale vedtekter og gjennomfører skulegudsteneste innanfor gjeldande regelverk og rammer i læreplanen. Kyrkja fylgjer skulane sine ynskje, og vi har motteke mange tilbakemeldingar på kor viktig denne tradisjonen er.





# 4 GUDSTENESTE – SAMAN FOR GUDSÅSYN

Både gjennom eit utstrakt samarbeid med det lokale musikkmiljø, barne- og ungdomsarbeid og trusopplæring, er det mange ulike personar som deltek i eit variert gudstenesteliv.

Besøkstal i gudsteneste held seg stabil. Med ungdomsgudstenesta DRYPP og ei heilt ny kapellanstilling i 2016, har det også blitt fleire gudstenester i Ulstein, ei auke på 6,9 %.

## 4.1 ARBEID MED GUDSTENESTE / GUDSTENESTEUTVAL

Det er mange som er involvert i gudstenestelivet. Det er flott at dåpsfamiliane tek utfordringa med å finne ein person som er med og les tekstane i dåpsliturgien. Vi har ein nattverdsfeirande kyrkjelyd, og det er flott å sjå at mange brukar dei 2 nattverdstasjonane vi har i dei fleste gudstenestene. At vi har med ekstra song og/eller musikkrefter gir variasjon og inspirasjon i gudstenestelivet, og det høyrest godt at kyrkjelyden tek del i liturgi og salmesong. Det synest vere ein tendens at oppmøtet er godt når det gjeld gudstenester retta mot særskilde grupper, og dei er det heldigvis mange av, elles synest det vere ein liten nedgang i den faste flokken.

Gjennom året er det mange ulønna medarbeidarar som tek del i kvar gudsteneste med oppgåver som medhjelpar, kyrkjevert, tolk, nattverdutdelar og kamera-ansvarleg for overføring av gudstenesta til Ulshaug og Alvehaugen. Og nokre gongar når vi veit det vil bli fullt i kyrkja, er det ekstra vakter ved trappa opp på galleriet og ved sideinngangen.

Ei gruppe born er kyrkjessvaler, og hjelper til med prosesjon, tenne lys, gi dåpshanddukar og samle inn offergåvene. Dei litt større borna er også med og les bøner og bibeltekstar. Nokre av dei største borna er nokre gongar også med og delar ut nattverd.

Vi har ein god struktur på dette, men vi ynskjer også fleire personar som kan stille opp. Nokre av dei som har vore med som tolk sidan vi starta opp, har no takka for seg. Vi har fått med 1 ny tolk, og det er no fem personar som delar på tolkinga. Så her treng vi fleire som kan ta på seg ei oppgåve nokre gongar i året.

Gudstenesteutval var ikkje i funksjon i 2016, men vil starte opp sitt arbeid i 2017.

## 4.2 DRYPP- UNGDOMSGUDSTENESTE.

Fleire av ungdommane har hatt ynskje om å få til ungdomsgudstenester på kveldstid. Hausten 2016 starta vi opp med DRYPP, - ungdomsgudsteneste. Dette er eit tilbod for aldersgruppa 13- 30 år, men der alle er hjarteleg velkommen.

Band av litt eldre ungdom, og forsongarar.

Drypp har no blitt gjennomført fire gongar. Vi er fortsatt i oppstartfasen, og jobbar mykje med PR for at fleire kan delta. Fyrste gong kom det nærmare 100 personar, andre gong var det Gospelnight/ DRYPP med fleire tensingkor og i lag, og då var vi rundt 200 personar. Tredje gong rundt 50-60 personar, og siste no i mars var det om lag 85 personar.

Vi har fått Simon Tonev frå Hareid til å lage ein promoteringsfilm som vi kan legge på sosiale media.

Styret har laga invitasjon til kontaktar frå kristne ungdomsgrupper på søre Sunnmøre i tillegg til kateketar, prestar og kyrkjeverjer.

Det er danna eit styre, med 8 ungdommar, barne- og ungdomsarbeidar Beate Mjøen Berg, kapellan Jørgen Skogestad Kleiven - og ungdomsarbeidar Ruben Voldssund som leiar.

Styret har eit evalueringskjema som vi svarer på i etterkant av Drypp, for å sjå på korleis det kan gjeast betre. Vi jobbar målretta for å gjere Drypp attraktiv for ungdom i regionen.





## 5 DIAKONI – SAMAN FOR VÅR NESTE



Den norske kyrkje forstår seg sjølv som ei tenande kyrkje. Diakonien er eit kjenneteikn ved kyrkjas samla oppdrag og skal vere ein grunntone i alt arbeidet. Den pregar fellesskapet og livet til den einskilde, og er i diakoniplanen organisert i; Nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.

### 5.1 NESTEKJÆRLEIK

«Ringblomen» er ei sosial samling for eldre som finn stad på Bygdastova første måndagen i kvar månad. Desse samlingane vert skipa til av nokre frivillige; Aasmund Tandstad, Astrid Haddal Ryssevik, Annfrid Worren og Endre Havåg, saman med diakonen. I år var det ni samlingar og om lag 30 personar deltok kvar gong.

### ANDAKTER

Prestane, diakonen og organisten er på sjukeheimen og bygdestova annakvar veke for å halde andakt. I 2016 vert det gjennomført andakter også i ferievekene etter sterkt ønskje frå brukarane. Det var 36 andakter og tre nattverdsgudstenester på kvar plass.

### SORGGRUPPER

Det vart hausten 2016 starta opp to sorggrupper. Ei for dei som har mist ektefelle og ei for dei som har mist barn. Sorggruppene er i samarbeid med Hareid sokn.

### SOMMARFESTEN

Årleg sommarfest på Kjeldsund er blitt ein tradisjon. Rundt 150 personar reiste etter gudstenesta til Kjeldsund, der hadde vi fellesmåltid, leik og moro. Tween Sing song på avslutningssamlinga. Nydeleg ver gav ei flott ramme på sommarfesten 29. mai. Vi

samkøyrde i bilane ut til Kjeldsund, slik at dei som ikkje hadde transport også kunne ta del på festen.

#### MINNESAMLING FOR PÅRØRANDE

Laurdag før helgemesse var alle som har mist nokon siste året invitert til ei samling i kyrkja der namnet på alle avlidne vart lest opp. Det var fin musikk og det var høve til å tenne lys. Rundt 60 deltok. Mange gir uttrykk for at dei opplevde samlinga som god i den sorga dei ber på.

#### BESØKSTENESTA

Diakonen har rundt 200 heimebesøk og samtalar i løpet av året. I tillegg kjem besøka frå frivillige besøkjarar, men det talet er ikkje kjend.

#### STILLE TIME

I 10 år har det vore tilbod om ei stille stund i kyrkja annan kvar måndag. Det er Elsa Sæter saman med Bjørg Allis Hånes, Astrid Viseth og diakonen som er ansvarlege. Det er ikkje mange som nyttar tilboden, men vi ser det som rett å fortsette likevel.

#### 5.2 INKLUDERANDE FELLESSKAP.

##### UNIVERSELL GUDSTENESTE

Dei siste åra har vi hatt universell gudsteneste to gongar kvart år. Dette er gudstenester som er tilrettelagt for personar med psykisk funksjonshemmning og talet på dei som deltek har auka sterkt. I juni deltok Merkesteinane frå Volda og i desember deltok Fjørsteinane frå Ulsteinvik. Det er to band med musikarar som sjølv har psykisk funksjonshemmning. Dei var både flinke og populære. I juni var det 70 til stades og i desember var det 107 som var med. Etter gudstenesta et vi kveldsmat saman og det er ei koseleg stund.

##### INTERNASJONAL KVINNEGGRUPPE

Mellan 12 til 18 kvinner tok del i gruppa som hadde møte annankvar veke. Det var 18 samlingar. Samlingane var rundt i heimane og i tillegg til å synge og ha andakt er det sosiale særskilt viktig. Vi samtalar om kva som skjer i kommunen vår og elles nyhende, norske tradisjonar og skikk og bruk i Norge. Samlinga

er definitivt ikkje for dei som er ømfintleg for lyd, for praten går på arabisk, tigrinia, farsi og norsk omtrent samtidig. På hobbykvelden før jul var det rundt 30 damer til stades, og på bakekvelden lærte Borghild Kaldhol på 87 år frå seg kunsten å lage krumkakar. Anne Marie Hopland, Sonja Kaldhol, Maha Jacobs og Elsa Sæter er saman med diakonen ansvarlege.

#### TUR

Vi hadde søkt UDI om midlar til tur for unge flyktningar. Meininga var at vi skulle ta ein sommartur og skape kontakt med unge norske, men pengane kom så seint at det ikkje blei gjennomført. Rett før jul drog vi på ein tur til Atlanterhavsparken med elleve frå asylmottaket for unge asylsøkjarar og nokre ungdomar frå Ten Sing. Nokre barnefamiliar frå mottaket fekk og vera med då vi hadde plass til det i bussen.

#### INTERNASJONAL JULEFEST

Denne julefesten er blitt ein tradisjon og er ein sjarmerande blanding med sterke krydderlukter, mat med sting i, søte julekaker, song frå forskjellige land og norsk tradisjonell juletregang. Mellom 50 og 60 deltok på den.

##### KYRKJEKAFFI

Å kunne vere samla over ein kaffikopp etter gudsteneste er ein viktig del av fellesskap og ei viktig arena for at nye skal kunne knyte kontakt. Kaker og frukt vert gitt av frivillige og rundt 70 personar deltek kvar gong. Asylsøkjarar og flyktningar gjer ein stor innsats med å lage til, og vi er mest avhengige av dei.

##### OPEN BARNEHAGE

Byggeklossen open barnehage er ei viktig satsing til integrering for nye som kjem til kommunen, og også for familiane til arbeidsinnvandrarar. Her vert nettverk bygd, og Byggeklossen er ein fin plattform til å kome inn i lokalsamfunnet. Sjå eiga avsnitt i årsmeldinga.

##### STUDENT FRÅ HALD INTERNASJONAL SKOLE I PRAKSIS

Våren 2016 var Sylviane Jacques Denis frå Madagaskar i teneste som eittåring i soknet. Ho var her året før som Haldstudent, og hadde lært seg ein del norsk. Ho var

med i ungdomsarbeidet og i open barnehage, og hjelpte også til med andre nødvendige oppgåver.

### 5.3 VERN OM SKAPARVERKET

Ulstein kyrkjelyd er ein grøn kyrkjelyd. Vi forsøkjer vere bevisste i våre val. I trusopplæringa har dei eit opplegg for barn i første og andre klasse med miljøprofil. Sjå i årsmelding om trusopplæring.

### 5.4 KAMPEN FOR RETTFERD

Konfirmantane deltek kvart år på Kirkens Nödhjelps fasteaksjon. I 2016 gjekk pengane til katastrofarebidet mellom anna i Syria, og Ulsteinkonfirmantane samla inn 129 911 kroner.

Ulstein kyrkjelyd har også eit misjonsprosjekt. I samarbeid med Det Norske Misjonsselskap støttar vi eit diakonalt senter i Kairo, Egypt. Vi støttar også ein kristen bokhandel i same byen og tv stasjonen SAT7 som mellom anna driv skular via tv-skjermane i flyktningeleirar i Midt-Austen.

Nokon av dei som er med i diakoniutvalet hjelper asylsøkjarar med å skrive brev og forstå korrespondanse med myndigheter og advokatar.

### 5.5 DIAKONIUTVALET

Etter lang teneste har fleire sluttar i diakoniutvalet og eit nytt diakoniutval har ikkje etablert seg i 2016. Dette førte til at diakoniplanen ikkje er oppdatert og fornya, men ein bruker framleis den gamle. Det er eit uttalt mål for det nye diakoniutvalet å få den revidert og arbeidet er i gong.

Ei stor takk må rettast til alle frivillige som ber mykje av det frivillige arbeidet.

### 5.6 BYGGEKLOSSEN OPEN BARNEHAGE

#### BESØKANDE BARN OG VAKSNE

Her møtest flest mødre med eigne barn, men også nokre fedre er her. Det er barn og foreldre frå heile regionen vår, frå Ørsta, Volda, Herøy, Hjørungavåg og Brandal. Byggeklossen er også eit flott fleirkulturelt fellesskap, med barn frå mange land.

#### BABYSONG - SAMARBEID MED TRUSOPPLÆRING

Babysong hadde 14 samlingar, med til saman omlag 200 besøkande barn, og det same med vaksne.

#### ARBEIDET GJENNOM ÅRET

Open barnehage er annleis enn dei vanlege

barnehagane. Foreldra har ansvar for borna, medan personalet har ansvar for det pedagogiske innhaldet i barnehagen. Her er ingen påmelding, difor veit ein ikkje kven som kjem frå dag til dag. I og med at foreldra har ansvar for borna, kan vi heller ikkje føre noko slags dokumentasjon på borna.

Vi kan tilby: Fri leik, formingsaktivitetar, felles lunsj kvar dag, spleiselunsj eit par gongar i månaden, samlingsstund, baking, karneval, fysisk aktivitet og sansemotorisk leik i salen oppe, babysong, og babymassasje v/ Pernilles Clinique. Vi har leik ute på leikeplassen vår, turgruppe på haust og vår, kyrkjebesøk som julegudstenester og påskevandring, og voksenforum ein gang pr. mnd. På voksenforum har vi mellom anna besøk av til dømes helsesøster, tannpleiar eller andre for å ta opp tema som er av interesse for barn og voksne.

Open barnehage er forplikta til å halde seg til Lov om barnehagar, og Rammeplan for barnehagar.

Byggeklossen har både årsplan og semesterplan og er drive etter utvida kristen formålsparagraf.

Vi ynskjer at dei som kjem på Byggeklossen skal kjenne at alle er like verdifulle, same kvar dei kjem frå, og kven dei er.

Barnehagen fylgjer skuleruta, og held stengt i skuleferiane.

#### SAMARBEIDSPARTNARAR, SAMARBEIDSUTVAL, ØKONOMI

Byggeklossen har samarbeid med barnehagesektoren i kommunen, asylmottaket, distriktstannklinikken og helsestasjonen. Vi har også språkpraksis for dei som treng det.

I samarbeidsutvalet sit det to til tre representantar for barnehagen, kyrkjeverja og soknerådsleiar, pedagogisk leiar og ein assistent.

Samarbeidsutvalet skal godkjenne årsplan og sjå til at denne er i samsvar med Rammeplan og Lov om barnehagar. Samarbeidsutval er ein gong pr.år.

Byggeklossen får statstilskot vurdert etter dei nasjonale satsane.

#### TANKAR OM BYGGEKLOSSEN

Byggeklossen er eit viktig tiltak for integrering, ein møteplass for små og store, og viktig for nettverksbygging mellom tilflyttande og lokalsamfunn. Den er også ein god plass for sosialisering for

barn. Med tanke på for eksempel nye asylsøkarar i kommunen vår, så er det trygt og godt for barna å starte her, der mor eller far er med.

Vi ynskjer å formidle vår kulturarv til våre nye landsmenn, på ein god måte, samstundes som vi har respekt for ulik bakgrunn.

Informasjon om Byggeklossen er på både helsestasjon, bibliotek, rådhus, distriktstannklinikk, m.m., samt plakatar rundt omkring.

## MEDARBEIDARAR

Det er 3 faste tilsette i med til saman eitt årsverk som driver barnehagen:

Beate Mjøen Berg, pedagogisk leiar, Nicoleta



Munteanu, assistent, Greta Håkonsholm, assistent. Nokre vikarar og hjelparar kjem i tillegg.


Vi har ei fast gruppe med frivillige pensjonistar, 17 stk. Desse er heilt avgjerande for miljøet i Byggeklossen. Dei betyr mykje for oss som jobbar her, og for brukarane våre. Dei tek i mot alle som kjem, registrerer i boka og passar barn som sør ol.

Vi takkar Ranveig Myrene, Sølvi Myrene, Aslaug Dimmen, Anna Viseth, Åse Marie Sæbø, Hannelore Måseide, Oddrun Hasund, Klara Håkonsholm, Berit Hatlø, Åse Brandal, Ole Osnes, Mirzeta Mulac, Ingunn Myklebust, Bjørg Hasund, Sonja Kleven, Elida Lillebø og Åse Ringstad.



	2015	2016
Besøk barn	1290	1457
Besøk vaksne	1171	1203
Av desse asylbarn	71	210
Av desse foreldre asylbarn	71	200

Besøkande Byggeklossen





# 6 UNDERSKOLE – SAMAN I LÆRING OG PRAKSIS

## 6.1 TRUSOPPLÆRING

I 2016 har Ulstein sokn ferdigstilt sitt arbeid med lokal plan for trusopplæring. Planen består av 26 tiltak med til saman 238 timer undervisning for alle døypte mellom 0 og 18 år.

Foreldre er den viktigaste ressursen for trusopplæring. Vi møter dei i dåpssamtalen og legg til rette for fleire møtepunkt for å vere saman på ferda i oppfølging av dåpen.

### NYE TILTAK I 2016

Fleire tiltak blei gjennomført for første gong i 2016: «Skapt» og «Nytt liv» er tiltak for born som fyller sju år. Om våren set dei potetar som blir hausta i oktober. Undring kring skaparverket og Jesu død og oppstoda står sentralt. Avslutning var på hausttakkefest der borna vart inviterte i lag med korklubben, søndagsskulen og speidarane, som hadde ein fantastisk kyrkjekaffi i godt ver, med bål, pinnebrød og aktivitet. «5 år i år» er eit leikent opplegg der fortellinga om den gode gjetaren og sauens som vart funnen att står sentralt. Desse tre tiltaka hadde ein oppslutnad på 25% av alle dei døypte i årskullet.

I 2016 var det også nytt at vi hadde eit møte med foreldre frå dåpsskulen medan barna hadde påskevandring.

### TENESTEOPPGÅVER

Eit mål for konfirmantundervisninga er å ta aktivt del i kyrkjelyden. Difor starta vi i 2016 med at konfirmantane får praktiske oppgåver ved ulike trusopplæringstiltak. Dei gjer ein kjempebra jobb, opplever god meistring i dette og innsatsen deira er gull verdt for arrangementa. Å møtest rett etter skuletid til førebuing over ein pizza er ein suksess. Vi arbeider med å få ein fastare form på tensteoppgåve-opplegget. Vi vonar òg at dette kan motivere til å melde seg på MILK (MINI-LeiarKurs).

### MIDDAGSFELLESSKAP I KVARDAGEN

«Endeleg torsdag» er eit tilbod om middag for alle, lokasjon er Sunnmøre folkehøgskule. I 2016 har vi arrangert dette sju gongar og servert

middag til 640 personar - 355 vaksne og 285 born.

Undervisningsutvalet som kom med ideen har hatt hovudansvaret. Ei stor takk til Sunnmøre folkehøgskule for godt samarbeid og eit unikt tilbod.

### UTVIKLINGSMIDLAR TIL TRUSOPPLÆRING

Ulstein sokn fekk middel frå Den norske kyrkja sentralt til å utvikle to nye trusopplæringskonsept:

1. Camp Reunion – målet var å samle ungdom etter konfirmasjonen til eit overnattingsopplegg med fokus på misjon.

2. Kvardagsleir – å leve saman i kvardagen som på leir med felles overnatting, felles middag, andakt, samtaler og song, men med vanleg skulegang og deltaking på fritidsaktiviteter.

Begge konsept tok leir som utgangspunkt, dei fleste konfirmantar har dei beste minna frå konfirmantleiren.

Ingen av konsepta har slått an på ein slik måte at vi vil jobbe langsiktig med dette, men prøveperioden for kvardagsleiren held fram også i 2017.

## 6.2 UNDERSKOLEUTVALET

Medlemmar: Birgit Kjos Lynge, Kristin Aamodt Støylen, Liv Astrid Langnes, Knut Einar

Tokheim(sokneråd), Bjørn Losvik (kateket) og Wendi Stråbø (trusopplærar). Undervisningsutvalet hadde 6 møte i 2016 med følgjande hovudtema: 1. Ferdigstilling av trusopplæringsplanen. 2. Fellesskap, læring gudsteneste og tilhøyrigheit. Dette temaet blei jobba vidare med både i stab og sokneråd, og det blei også sett på som hovudtema for strategimøte januar 2017 for sokneråd, utval og stab.

## 6.3 KONFIRMANTAR

Den andre helg i september i 2016 stod 91 ungdommar til konfirmasjon i Ulstein kyrkje. Det er 83 % av årskullet i Ulstein kommune på 109, noko som er ein liten oppgang frå året før, då tilsvarande tal var 82 %. På årskullet var det 92 medlemmar i Den norske kyrkja, som betyr at 98,9 % av dei døypte (medlemmar i Den norske kyrkja) på årskullet var konfirmantar i Ulstein kyrkje i 2016. Vi opplever at oppslutninga om konfirmasjonen er stabil, og registererer at deltakartalet



ligg høgare enn snittet for Møre og Romsdal, og høgare enn landsgjennomsnittet.

I følgje «Plan for trosopplæring - Gud gir, vi deler» skal konfirmanttida innehalde 60 timer med aktivitetar: Undervisning, gudsteneste og sosiale samlingar. I Ulstein sokn blir dette gjennomført med:

- Undervisningssamlingar i kyrkja og på Fredheim (to store samlingar i haustsemesteret, knytt opp mot presentasjonsgudsteneste i november og lysmesse i desember)
- Gudstenestedeltaking. I tillegg til gudstenester som alle konfirmantane skal møte på, skal dei i tillegg velje nokre gudstenester sjølv. Dei blir oppmoda om å gå til ei gudsteneste i eit anna kristent trussamfunn, for å erfare kva som er likt og kva som er annleis samanlikna med gudstenester i Den norske kyrkja. Dei blir også oppmoda om å delta på Drypp, som er gudstenester i Ulstein kyrkje av og for ungdom.
- Konfirmantleir. Ein god del av undervisninga er lagt inn i konfirmantleiren, som varer i fem dagar (fire overnattingar). Her har vi også sosialt fokus. På leiren er det med mange tilsette og mange frivillige ungdomsleiarar, som gjer ein stor innsats for at konfirmantleirane skal bli gode lærermessige og sosiale arenaer.
- Tenesteoppgåver. Alle konfirmantane er med på å gjennomføre eit tiltak som er retta inn mot ei anna aldersgruppe i kyrkjelyden, born, ungdom, vaksne eller eldre. Slik får konfirmantane erfare at dei er del av ein større heilskap, og at det er mange aktivitetar i kyrkja og i regi av kyrkjelyden gjennom heile veka og heile året.
- Fasteaksjonen. Kvar vår går konfirmantane med bøsse for å samle inn pengar til det viktige arbeidet til Kirkens Nødhjelph. I forkant av dette lærer dei om det dobbelte kjærleiksbotet, Den gylne regelen, det kristne forvaltaransvaret og internasjonal diakoni.

## 6.4 MINILEIARKURS FOR UNGDOM (MILK)

I 2016 arrangerte Ulstein sokn MILK to gonger. Ein runde i vårsemesteret med 11 deltakarar, og ein runde i haustsemesteret med 5 deltakarar.

MILK er forkorting for minileiarkurs. Målgruppa er 10.-klassingar, altså dei som nettopp er konfirmert. Målet med MILK er å trenere ungdommar til å bli leiarar for kyrkje og samfunn, på kort og lang sikt. Ulstein

sokn er avhengig av mange leiarar til det aktive barne- og ungdomsarbeidet vi driv. Ikkje minst er det viktig å ha dyktige leiarar til konfirmantleirane våre, og MILK er eit viktig tiltak for å rekruttere leiarar til konfirmantleirane. MILK er utvikla av Norges KFUK-KFUM, og tilpassa lokale tilhøve av oss som arrangerer det her lokalt.

I kurset får deltakarane grunnleggande leiarutrening både i teori og praksis. Fleire får praksis gjennom konkrete leiaroppgåver i KRIK, Ten Sing eller speidar, i tillegg til leiaroppgåver på konfirmantleir.

Vi ser at fleire av ungdommene som har delteke på MILK er aktive i organisasjonslivet vidare, og er med som leiarar på KRIK, Ten Sing, speidar, Drypp, leiarar på Kjeldsund og i MOT-arbeidet på skulen.

Med tanke på målet om å trenere ungdommar til å bli leiarar for kyrkje og samfunn på kort og lang sikt, er det viktig å halde oppe dette arbeidet framover.



## 6.5 TORSDAGSKVELDAR PÅ FREDHEIM

Torsdagsmøta på Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein NMS. I 2016 satt desse personane i komitéen: Sama Haify for Ulstein NMS, Ingrid Nerhoel for Ulstein KFUK-KFUM, Bjørn Losvik for Ulstein sokn.

## ARBEID GJENNOM ÅRET

Hausten 2015 var det lav aktivitet på torsdagskveldane. På Ulstein sokn sitt årsmøte i mars 2016 kom det ynskje om at torsdagskveldane vart arrangert oftare. Som ein respons på det gikk tilsette i Ulstein sokn inn på arrangementsida saman med komitéen, og resultatet vart ei auke i talet på torsdagskveldsmøter i haustsemesteret. Gjennomsnittleg oppmøte låg på omtrent 35 personar. I kalenderåret 2016 var det arrangert 8 Torsdagskveld på Fredheim, 2 i vårsemesteret og 6 i haustsemesteret:

### VÅRSEMESTERET

28. jan:

Dele- og songkveld. Ansvar: Komitéen.

07. apr:

Ulstein NMS hadde ansvar for arrangementet. Talar for kvelden var Kristian Myklebust, med temaet «Levande tru».

### HAUSTSEMESTERET

8. sept:

Temakveld «Misjon» der våre lokale misjonærar Karen og Anders Myrene fortel om arbeidet i Kambodsja.  
Musikk: Ståle Helvig.

22. sept.:

Bibeltine om Saligprisingane til i Bergpreika. Teolog og tidlegare bibelskulelærar Ole Martin Grevstad tek oss inn i ein av Jesu store talar, Bergpreika, og gjev oss eit djupdykk i Saligprisingane og finn dei åtte haldningane som desse utrykker. Musikk: Ingfrid Grimstad.

6. okt:

Bibeltine om «Den heilage Anden og dåpen» del 1. Vår nye prest Jørgen Skogestad Kleiven vil ta oss med inn i temaet i hovudoppgåva si i teologi om korleis Den heilage Ande ut frå Bibelen er forankra i dåpen og i det kristne livet.

20. okt:

Bibeltine om «Den heilage Anden og dåpen» del 2. Vår nye prest Jørgen Skogestad Kleiven vil ta oss med inn i temaet om korleis Den heilage Ande ut frå Bibelen er forankra i dåpen og i det kristne livet.

3. nov:

Tema: «Nåde i populærkulturen» med Kjartan Leer Salvesen er prest og tilsett ved Høgskulen i Volda og bur på Hareid. Han har arbeidd mykje med film, musikk og populærkultur og sett etter korleis dei kristne grunnfortellingane pregar dette.

17. nov:

Tema: «Vegen innover». Mette Sollie er familieterapeut og andeleg vegleiar som har vore vertskap på Lia Gard retreatstad. Ho snakka om bøn, stillheit og vegen innover for å søke dei djupe kjeldene i nærværet med Gud.

### ØKONOMI

Tiltaket har litt middel på budsjettet til Ulstein sokn. Annonsar blir betalt av Ulstein sokn, eller Ulstein NMS dei kveldane dei har ansvar for gjennomføring. Kollekt frå møta går til å delvis dekke annonsekostnader.

### 6.6 BIBELUTSTILLING

I 2016 feira Det norske bibelskap sitt 200-årsjubileum. Ulstein sokn markerte dette med ei lokal bibelutstilling i samarbeid med Ulstein bibliotek, i tida 29. mai - 11. juni. Gjennom lokalpressa ba vi om å få låne gamle Biblar til utstillinga, og lyste ut ein konkurranse om kven som kunne stille med den eldste Bibelen. Responsen lot ikkje vente på seg, og det danna seg tidvis kø av folk som ville låne ut Biblar. Vi fekk inn gamle, nye, skjøre, solide, vakre, slitte og veldig interessante Biblar, i tillegg til gamle salmebøker, huspostillar, og utanlandske biblar. Vi såg at det ligg mykje lokalhistorie og familiehistorie i mange av bøkene vi fekk låne. Dei to eldste Biblane som kom inn var Kjell Inge Bjørke sin Bibel frå 1718, og Leiv Bjørndal sin frå 1719. På 300 år gamle Biblar skil vi ikkje på eitt år, difor blei begge premiert.

Samtidig som vi blei veldig glad og takknemlige, var vi også lei oss fordi vi ikkje hadde kapasitet til å vise fram meir enn om lag 50 av dei omlag 150 bøkene som kom inn. Vi såg raskt at engasjementet blant folk var større enn vi våga håpe, og plassen vi hadde tilgjengeleg på biblioteket strakk rett og slett ikkje til. Tusen takk til alle som gjorde skattane sine tilgjengelege, dei to vekene som utstillinga varte.



Du er mi øy i havet, Gud,  
ei stø for mine føter.  
Du er eit vinddrag mot mi hud,  
ditt kjærteikn som eg møter.  
Du er ein stavstill fjord,  
min salme utan ord.  
Du er eit fuglekor som kved,  
der får eg lov å syngja med.

Du er ein bårerygg som bryt,  
der får eg sjå ditt velde.  
Du er ei elv som roleg flyt,  
ho er mi nådekjelde.  
Du fjøre er og flod,  
i rytmen finn eg ro.  
Du er eit hav kring heile meg,  
der er eg evig eitt med deg.

Sverre Hatle 2009, fritt etter keltisk kveldsbønn

# 7 KYRKJEMUSIKK – SAMAN TIL GUDS ÆRE OG GLEDE FOR KVARANDRE

---

Ulstein sokn driv eit mangfaldig og viktig kulturarbeid, som har ein stor verdi for lokalsamfunnet. Det er fleire hundre aktørar som er involvert gjennom året. Musikk har ein sentral plass i arbeidet i Ulstein sokn. Det er mange lokale artistar, kor og andre aktørar som ønskjer å bidra til både gudsteneste, konsert og kulturarrangement soknet tek ansvar for. I tillegg er det mange som leiger kyrkja til konsert.

13 ulike kor og korprosjekt har deltatt i 30 gudstenester. Band og forsongarar har delteke i 23 gudstenester. Solistar har delteke i 17 gudstenester.

Det har vore arrangert 21 konserter og forestillingar i Ulstein kyrkje og ein konsert på Fredheim.

## KONSERTVERKSEMD I REGI AV KYRKJEMUSIKKUTVAL

Det er etter kvart blitt etablert nokre «faste årlege konsertar» i Ulstein kyrkje: Orgelkonserten onsdag i den «stille veka», Ulstein Mannskor sin konsert under «Smak av Ulstein», «Jazz og Koral» Allehelgensdag, kulturskulekonserten i adventstida, «Vi syng jula inn» 3. søndag i advent, og Julenattiné 22. desember. Vi merkar god oppslutning om desse konsertane.

Mykje av møteverksemda for kyrkjemusikkutvalet har gått til planlegging av Julenattiné 2016. I år var det nittande året julenattineen blei gjennomført, med så å seie stappfulle hus. Også dette året klarte utvalet å vise mykje av breidda av musikklivet i Ulstein. Det var fem nye solistar dette året. Orkesteret bestod av ni musikarar, derav to nye på violin og cello.

## SONG/MUSIKK/KULTURARRANGEMENT I ULSTEIN KYRKJE/FREDHEIM 2016

03.01	Konsert kyrkja	Konsert Lakris
28.01	Salmekveld Fredheim	Ståle Helvig
18.02	Multimediaførestilling kyrkja	Christian Stejskal
17.03	Konsert kyrkja	Gospelkoret
23.03	Konsert kyrkja	Orgelkonsert v/Ståle Helvig
28.04	Konsert kyrkja	Ulstein kulturskule
29.04	Konsert kyrkja	Gospelnight Ulstein Ten Sing
21.05	Konsert kyrkja	Ann Cesilie Skundberg med fleire
08.06	Konsert kyrkja	Koret «Lyst»
09.06	Konsert kyrkja	Ulstein mannskor
04.08	Konsert kyrkja	Gratiskonsert «Korpsmusikken»
21.09	Konsert kyrkja	Demensforeininga i Ulstein
02.10	Konsert/poesi kyrkja	«Kvelv bak kvelv».
30.10	Konsert kyrkja	Hasund og Dimnøy Ungdomsmusikk
06.11	Konsert kyrkja	Jazz og Koral
11.11	Konsert kyrkja	Gospelkoret
20.11	Konsert kyrkja	Julekonsert Merete Godøy, Bjørn Holum m.fl.
25.11	Konsert kyrkja	Gospel-night. Ulstein Ten-Sing
02.12	Konsert kyrkja	Ålesund Strykekvarsett
08.12	Konsert kyrkja	Ulstein kulturskule
11.12	Konsert kyrkja	«Vi syng jula inn»
22.12	Konsertar kyrkja	Julenattine 2016



## KORDELTAKING/SOLOSONG/EKSTRA INSTRUMENTAL I GUDSTENESTE

Mykje av det musikalske engasjementet i kyrkja vart også dette året kanalisert gjennom gudstenestene. Dette viser igjen i talet på musikkdeltaking. Dette er i tråd med intensjonen i gudstenestereforma. Det er viktig at musikalsk mangfold får utfolde seg i gudstenestene.

Ulstein Tween Sing	5 gudstenester
Korklubben	5 gudstenester
Ulstein Ten Sing	2 gudstenester
Gospelkoret K/M	2 gudsteneste
Solosong	17 gudstenester
Forsongargrupper born	4 gudstenester
Ekstra instrumental	8 gudstenester
Band	10 gudstenester
“Kor” skulegudstenester	3 gudstenester
“Kor” barnehagegudstenester	3 gudstenester
Tårnagentkor	1 gudsteneste
Påskekor	3 gudstenester
Juledagskor	1 gudsteneste
Con Moto	1 gudsteneste
Ulstein Mannskor	2 gudsteneste
SUFH-gruppe med band	1 gudsteneste
Lakris	1 gudsteneste
NMS Familiekor	1 gudsteneste
Fjørresteinane	2 gudstenester



## 7.1 KORARBEID

### KORKLUBBEN OG TWEEN SING

Det er to faste kortilbod som soknet har ansvar for. Det er Korklubben (35 betalande medlemar) og Tween Sing (30 betalande medlemar). 4. mars hadde Korklubben songseminar med Kirsti Pedersen Haugen. Ho øvde inn eit flott songrepertoar med Korklubben. Desse songane framførte Korklubben på gudstenesta den påfølgande søndagen.

Ulstein Tween Sing hadde ein overnattingstur på Holesanden Leirstad 16.-17. april. På programmet stod leik, mat, sosialt samvær, korøving og andakt. Eit viktig arrangement for samhaldet i koret. Vårsemestert 2016 var ein opptur for koret, med godt, stabilt frammøte, god musikalsk kvalitet og bra samhald i koret. Haustsemesteret 2016 fekk koret ein nedgang i talet på songarar. Styringsgruppa for Tween Sing har vore til stor støtte, og har vore med både i leik på øvingar, andaktar, repertoardiskusjonar, band-deltaking og praktisk tilrettelegging.



## AKTIVITETAR KORKLUBBEN OG ULSTEIN TWEEN SING (UTDRAG FRÅ ÅRSMELDINGA TIL KORA):

31.01.	Tårnagent gudsteneste i UK	Tween Sing
04.02.	Song på Alvehaugen	Tween Sing
14.02.	Gudsteneste i UK (avslutningsgudsteneste dåpsskulen)	Korklubben
04.03.	Korseminar med Kirsti Pedersen Haugen	Korklubben
06.03.	Gudsteneste UK (korseminar-songar)	Korklubben
16.-17.04.	Overnattingstur på Holesanden Leirsenter	Tween Sing
18.04.	Song på Holskerdalen 20	Korklubben
02.05.	Avslutningssamvær på Holesanden	Korklubben
17.05.	Gudsteneste i UK	Korklubben
29.05.	Gudsteneste UK	Tween Sing
29.05.	Sommarfest på Kjeldsund	Tween Sing
11.06.	Presentasjon Nye Ulstein kyrkje på kinoen på Sjøborg	Tween Sing
28.08.	Gudsteneste i UK	Tween-Sing
25.09.	Gudsteneste i UK	Tween Sing
02.10.	Hausttakkefest Uk	Korklubben
29.10.	Barnesamling Fredheimbasaren	Korklubben
29.10.	Fredheimbasaren	Tween Sing
07.11.	Årsmøte for kora	Begge kora
27.11.	Lysvåken-gudsteneste	Tween Sing
24.12.	Julaftangudsteneste	Korklubben

## PROSJEKTKOR

Det er også dette året blitt etablert kor i høve festgudstenestene i jula og påska. Desse kora har det vore god oppslutning om, men det har ikkje kome signal frå desse songarane om ynskje om meir fast gudstenestekorverksem. Kyrkjekoret i Ulstein sokn er difor framleis «i dvale».

## 7.2 KYRKJEMUSIKKUTVAL

Medlemmar: Øyvin Sønnesyn, Karianne Orvik, Susanne Gamlem, Jan Thormodsæter og Ståle Helvig. Kyrkjemusikkutvalet har hatt 4 møte (inklusiv planlegging julenattiné). Den musikalske aktiviteten har vore stor og mangfaldig som oversikta viser. Arbeidet med julenattiné har utgjort mykje av arbeidet i utvalet.

## 7.3 ØKONOMI

Utleige av kyrka til konserter i 2015 har vore på det jamne. Dette har gitt noko inntening. Utvalet har i 2016 vore forsiktige med å leige inn artistar på honorarbasis, då det erfaringsmessig er ein stor økonomisk risiko. Konserter som Ulstein sokn er arrangør for er budsjettert inn i soknet sitt budsjett. Her har det vore rimeleg bra økonomistyring.

Overskotet på Julenattiné 2016 blei på kr.86 699.

Heile overskotet gjekk til arbeid med Ulstein nye kyrkje.

## 7.4 UTFORDRINGAR FRAMOVER

Det ligg mange utfordringar i «Plan for kyrkjemusikk og kultur» for Ulstein sokn. Desse dannar grunnlag for hovudsatsingar vidare. Her kan nemnast:

- Gje rom for dei ordlause kulturuttrykka i gudstenesta
- Gje gode kortilbod i alle stilartar, og alle aldrar
- Lokal framføring av eit stort, klassisk kyrkjemusikalsk korverk i Ulstein kyrkje kvart 3-5 år
- Samarbeid kyrkje-skule om gudsteneste og kyrkjemusikk
- Vitalisere arbeidet med nytt kyrkjespel på Ulstein gamle kyrkjeplass

Ei stor utfordring er å finne konsept for attraktiv konsertverksem som trekk såpass folk at det ber seg økonomisk. Gode prosjekt som sannsynlegvis ikkje trekk folk får vi stadig tilbod om. Slike prosjekt kan ikkje kyrkjemusikkutvalet/Ulstein sokn ta økonomisk ansvar for. Her er store utfordringar, og ein kan kanskje tenke nytt og utradisjonelt: Lokalt tilsnitt, lokaldugnad, regional tenking (t.d. prostiplan) eller årvisse arrangement på strategiske tidspunkt.



## 8 MISJON – SAMAN OM Å DELE EVANGELIET

«Som eit hus utan vindauge, er ei kyrkje utan misjon.»

Jesus sa: «Gå difor og gjer alle folkeslag til lærersveinar». Det ligg i kyrkja si natur å vere utadretta. Lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Det internasjonale perspektivet kjem mellom anna til syne gjennom misjonsengasjement.

I Ulstein er det eit stort engasjement for Det Norske Misjonsselskap (NMS). Det er noko av bakgrunnen for at Ulstein sokn i fleire år har hatt ein misjonsavtale med NMS, der vi støttar NMS sitt arbeid i Midt-Austen. Midt-Austenprosjektet er tredelt: Vi støttar den kristne TV-stasjonen SAT7, som sender program

på fleire språk til land i Midt-Austen, mellom anna på arabisk, tyrkisk og farsi. SAT7 lagar program om menneskerettar, og kristne program for både born og vaksne. Dei lagar også sendingar som er undervisning i skulefag, og desse sendingane følgast mellom anna av barn i flyktningeleirar. 4,6 millionar barn følgjer jamt TV-kanalen SAT7 Kids på arabisk.

Den andre delen er eit diakonalt senter i Kairo med barnehage for fattige barn, yrkesopplæring til unge og ein augeklinik. Den tredje delen er ein kristen bokhandel i Kairo som er støtta av oss via NMS. Misjonsprosjektet kjem til syne i enkelte gudstenester og trosopplæringsprosjekt her i Ulstein, men vi ynskjer at dette skal få eit enno større fokus i tida framover.

## 9 BARN OG UNGE – SAMAN FOR EIN TRYGG OPPVEKST

### 9.1 SAMARBEID MED BARNE- OG UNGDOMSORGANISASJONANE

Ulstein sokn er velsigna med eit engasjert, kristent barne- og ungdomsarbeid. Veldig mange av desse tilboda er knytt til organisasjonar som gruppene får programstoff og leiaropplæring frå. Organisasjonsengasjementet utgjer ein stor ressurs i kyrkjelyden, og soknet samarbeider tett med mange av desse.

Ulstein sokn har årlege møter med organisasjonane for å lage semesterplaner, planlegge felles arrangement, utveksle informasjon og bygge kyrkjelydsfellesskap i lag.

Følgjande organisasjonar har Ulstein sokn eit regelmessig samarbeid med:

Ulstein KFUK-KFUM	Leiar Jan Einar Roos
Speidar	Leiar: Birgitte Hareide Øvreliid
KRIK Ulstein	Leiar: Vegard Aksnes
NMS U	Kontakt: Bjørg Myhre
Ulsteinvik søndagssk.	Leiar: Christfried Kaul
Sunnmøre folkehøgsk.	Rektor: Arnt Ole Grimstad

### 9.2 ULSTEIN TEN SING

Ten Sing er eit arbeid som Ulstein sokn og Ulstein KFUK-KFUM driv i tett samarbeid. Det er ungdom

sjølv som leiar arbeidet ved hjelp av nokre ressursar gjennom tilsette.

#### TAL PÅ MEDLEMMAR:

Det var omlag 50 medlemmar våren 2016 og omlag 40 hausten 2016.

#### STYRET VÅREN:

Leiar i styret våren 2016 Sigurd Myrene, Dirigent Marie Blindheim, Ina Johansen, Sara Kidane, Mathea Kobbenes, Håkon Rabben, Andreas Sæbø, Olav G Arnesen, Ragnhild Blindheim, band: Johannes Kristiansen, teknikk: Eirik Moldskred, Vaksenleiar: Reem Kidane, Øyvind Hov, Sylviane J Denis-ettåring.

#### STYRET HAUSTEN:

Leiar i styret hausten 2016 Ragnhild Blindheim, Dirigent Marie Blindheim, Mathea Hoddevik Kobbenes, Irmelin Dalbakken, Silje Håheim, Andreas Sæbø, teknikk: Ole Kristian Korsfur Voksø, band: Johannes Kristiansen, Reem Kidane, Andreas Halle, Øyvind Hov.

Vaksenleiarar: Beate Mjøen Berg, Ruben Voldsgård, Andreas Halle.

Band: Andreas Sæbø, Brede Espelid, Håkon, Erik B. Hansen og Johannes Kristiansen.

## AKTIVITETAR I 2016

- 36 øvingar som ni gongar blei avslutta i kyrkja
- Grupper (Mat, Drama, Leik, Kreativ, Teknikk, Dans)
- Foreldremøte
- To gonger deltaking i gudsteneste i Ulstein kyrkje
- To gonger arrangert Gospelnight m fl.kor
- To gonger deltaking på ungdomsgudsteneste DRYPP
- Sju gonger ungdomskveld Fredagfredag
- Aktivitetskveld for EMA (Einslege mindreårige asylsøkjrarar)
- Juleverkstad og juleball
- Kafé på Fredheimsbasar
- Boksal «Levd liv»
- Inspirasjonskveld for Ulstein og Hareid, med Ten Sing Norway
- Deltaking på Vintertreff 16 i Ørsta, opptredde på opningsshow
- Deltaking på SPEKTER 16, på Kalvøya
- Dekltaking på «Krafttaket» med TUSSA

## TEN-SING-SEMINAR

Desse blei sendt til Ten Sing- seminar sommaren 2016:

Marie Blindheim - direksjon, Ragnhild Blindheim -

drama, Andreas Sæbø - tangent, Johannes Kristiansen - gitar, Erik B. Hansen - Bass, Ole Kristian Korsfur Voksø - teknikk. Deltakararane får dekt kostnadene, bortsett frå ein liten eigenandel mot å forplikte seg til å vere ressursar i arbeidet til Ten Sing framover.

## ELDREOMSORGEN

Dette er for dei som går på VGS. Dei har hatt nokre kveldar med film, spelekveld og sosialt.

Fredag-fredag (FF) er sosialkveld for alle, i samarbeid med speidarane og Krik. Her er det leik, kiosk, sosialt og andakt, og god tid til å prate. FF er rett etter DRYPP-ungdomsgudsteneste.

## TANKAR OM ARBEIDET FRAMOVER

Vi har fokus på å skape eit godt miljø i koret, og opplever at det er ein god tone mellom ungdommanne. På ei vanleg øving, er det ca eit kvarter pause til å prate, med ein liten matbit som ein av foreldra kjem med. Det vert ofte for lite tid å få til ein prat med alle. Den største utfordringa er å rekruttere nye medlemar.



# 10+ FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR – DEN VIKTIGASTE RESSURSEN



Arbeidet i Ulstein sokn engasjerer mange frivillige på heilt ulike område. Det er dette engasjementet som gjer kyrkjelyden til eit levande fellesskap, og er ei inspirasjonskjelde i det vi gjer.

Mange av dei frivillige er involvert på fleire område. Oversikten viser talet på frivillige som er engasjert på nokre av dei mest sentrale område.

## OVERSIKT FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR

Planlegging og gjennomføring av gudstenester	302
Barnearbeid / trusopplæringstiltak (0-12 år)	147
Ungdomsarbeid / trusopplæringstiltak (13 år og over)	177
Diakoniarbeid	58
Kultur- og konsertarrangement	203
Komité- og arbeid i utval	24
Praktisk dugnadsabeid	19

# 11 TILSETTE

---

## PRESTAR I ULSTEIN SOKN

Sokneprest	Margit Lovise Holte	100%
kapellan	Jørgen Skogestad Kleiven	100% (frå august 2016)

## PRESTEVIKARAR I ULSTEIN 2016:

Sindre Løvik	70% (januar – juni 2016)
Gustav Søberg,teologistudent	(Sommarvikar juli 2016)

## FASTE TILSETTE I ULSTEIN KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Kyrkjeverje	Christfried Kaul	100%
Kontorsekretær:	Evlinn M. Kleppe	80% (til og med januar 2016)
	Bente Andreassen Pilskog	80% (frå februar 2016)
Kyrkjetenar/k.gard.	Jan Erling Davidsen	100%
Kyrkjegårdsarbeidar	Sarunas Simanavicius	50%
Kantor:	Ståle Helvig	100%
Diakon:	Ranveig Kaldhol	100%
Kateket:	Bjørn Losvik	100% (20% permisjon 2016)
Trusopplærar:	Wendi Stråbø	100%

Pedagogisk leiar barnehage /		
barne- og ungdomsekretær	Beate Mjøen Berg	90%
Assistent barnehage:	Nicoleta Munteanu	30% (permisjon til juni 2016)
Assistent barnehage:	Greta Håkonsholm	20%
Klokkar:	Inge Kaldhol	timebasert%
Reinhaldar:	Sellathamby Vamathevan	31,6%

## VIKARAR:

Beate Mjøen Berg (for kateket og trusopplærar)  
Greta Håkonsholm (for trusopplærar, kateket og assistent barnehage)

## PROSJEKTSTILLINGAR:

Ungdomsarbeidar	Ruben Voldlund	10%
Studentar i praksis	Sylviane Jacques Denis	100% (til april 2016)

Nokre personar har ved einskildhøve vikariert som organist, kyrkjetenar, klokkar, kyrkjegårdsarbeidar og i barnehage.

I 2016 har Ulstein sokn blitt ein bedrift for inkluderande arbeidsliv (IA- bedrift). Dette har også gitt oss ekstra arbeidskraft gjennom arbeidslivpraksis.

Det har vore samarbeid med Hareid sokn om vikarordning for organist om sommaren og beredskap på kontoret ved avvikling av sommarferie.

Staben tok del på Møre bispedøme sine stiftsdagar i juni i Molde og på prostisamling i mars på Larsnes. Det er godt å vere del av eit større fellesskap. Det har vore ein stabsdag i Herøy der staben fekk litt påfyll og eit godt klima til å planlegge haustsemesteret.


## VURDERING

Med både ny sekretær og ny kyrkjeverje var administrasjonen avhengig av å kunne flyte godt

på innarbeidde rutinar. Dette har fungert over forventning, og vitnar om ein stab som støttar kvarandre, deler kunnskap og har stor innsatsvilje. Nye prosjekt blei sett i gang med iver og lyst, og utfordringar blei løyst gjennom godt samarbeid. Det er lågt sjukefråvær.

Det er ikkje å legge skjul på at arbeid med Ulstein

nye kyrkje krev ein del ekstra ressursar også i form av arbeidstid, men prosjektet skaper også ein ekstraporsjon med inspirasjon og kreativitet. Sjølv om det er god kjønnsbalanse i staben, er det nokre kvinner som jobbar ufrivillig deltid men heller ønskjer stillingar på heiltid. Her ønskjer ein å finne løysingar som kan styrke likestillinga for tilsette i Ulstein sokn.



# 12 BYGG OG ANLEGG

---

## 12.1 KYRKJEBYGGET

Ulstein kyrkje er framleis eit flott bygg med ei flott atmosfere både til gudsteneste, konsert, vigsler, gravferd, dåp, stille stunder, påskevandringar og skulebesøk. Men det visest også på kyrkja at ho er mykje i bruk.

Oktober 2016 blei det satt i gang ei stor vaskedugnad for å vaske kyrkja innvendig. 19 friviljuge stilte opp. I tillegg blei golvet i våpenhuset slipa og lakka hausten 2016. Men det er meir behov for vedlikehald, som t.d. maling av kyrkje utvendig med små utbetringer og lyssetting av kyrkja frå utsida. Også dørene treng å bli reparert eller skifta ut, og nedsig av galleriet treng å bli fiksa som ei varig løysing. Ved hjelp av Ulstein kommune sine tiltaksmidlar skal fleire av desse prosjekt bli sett i gang i 2017

Men kyrkja har også ein del prinsipielle utfordringar i det daglege arbeidet. Ho er for lite fleksibel til bruk som undervisningsrom og samlingsrom med andre oppsett enn til konsert og gudsteneste, og kyrkja kan ikkje brukast samstundes med fleire parallelle arrangement. Med fleire gravferder i framtida, vil mange av dei andre aktivitetane kome under press. Kyrkja er ikkje universelt utforma og dette er krevjande både for unge foreldre, eldre, eller personar med rørselshemming. Forhold og kapasitet på sanitæranlegg, særleg ved større arrangement er ikkje tilfredsstillande.

## 12.2 KYRKJEGARDANE

I skråninga bak kyrkja er det ein nedlagd kyrkjegard med gamle gravstøtter, kors og flotte store tre som gir området preg av ein park. Ut på Ulstein gamle kyrkjested er det også nokre gravminne. Stormen i februar 2016 øydede deler av eit gammalt gravminne som ein jobbar med å få reparert.

Den aktive kyrkjegarden på Osnes har om ca. 5 år nådd ei kapasitetsgrense, og kyrkjeverje er i kontakt med kommunen for å planlegge ei utviding.

Kyrkjegardane blir godt stelt av kyrkjetenar, gravar og nokre hjelparar med feriejobb gjennom sommaren. I 2016 blei det fjerna nokre tre på Osnes kyrkjegard for å

skape betre vekstvilkår for andre tre, og fordi dei hadde råteskade. Trea sto med fare for å velte og øydelegge gravstøtter.

Hausten 2016 hadde vi 6 ungdomar frå 9. klasse gjennom «Innovation Camp» nokre dagar blant oss. Dei laga eit prosjekt for å legge til rette for kompostering av hageavfall på Osnes kyrkjegard. Prosjektet er tenkt å bli sett i drift i løpet av 2017.

## 12.3 KYRKJEKONTORET

Etter utbygginga av kontoret i 2015 har det blitt lagt til rette for 2 nye kontorarbeidsplassar. Med ny- tilsett trusopplærar i 2014 og ny kapellanstilling i 2016, og medarbeidarar i kortare arbeidsforhold/praksis har desse plassane fort blitt tekne i bruk.

Kontorlokalet fungerer bra, men det er behov for eit ekstra rom for samtalar eller mindre møte. Arbeidstilhøva til sekretæren gjer det til tider vanskeleg å kunne konsentrere.



Ulstein sokn har jobba heilt sidan 1995 med å få større og meir tenlege lokale for sitt arbeid enn det som Ulstein kyrkje kan by på. Å bruke eksisterande kyrkjebygg vidare som fullverdig kyrkjerom har stått som ein sentral føresetnad heile tida. Det har vore mange idear og planer i årene fram til 2015.

## 13.1 ARKITEKTKONKURRANSE OG SKISSEPROSJEKT

Etter vedtaket i kommunestyret for val av tomt for den nye kyrkja har planane komet lengre. Det blei lyst ut og gjennomført ei arkitektkonkurranse, der fire arkitektkontor fekk oppdrag med å kome med utkast:

- Sivilarkitekt Espen Surnevik / Bjørbekk og Lindheim
- Link arkitektur
- Ratio arkitektur / HBA
- Snøhetta

Utkasta blei anonymisert og handsama av ein jury med fire representantar frå soknet og to uavhengige journalister, under leiing av Norske arkitekters landsforbund.

Juryen kåra utkastet «Excelsior» til vinneren. Etter kåringa fekk juryen vite at det var arkitektkontoret Snøhetta som sto for dette utkastet. Vinnarutkastet blei presentert på eit opent møte på Sjøborg. Ved dette høvet blei det også lansert ei gjevarteneste, «Kyrkjebyggjar i vår tid». Målet er å samle inn 30 mill. kroner som soknet sitt bidrag i den kommunale

finansieringa av kyrkjebygget.

Utkasta som kom inn gjennom arkitektkonkurranse er forslag på ei mogleg løysing etter vurderingskriteria som soknet har lagt til grunn for konkurransen. Ei realistisk kostnadsramme for prosjektet var eit av kriteria frå soknet, men ved levering av konkurransebidraget var det for tidleg å kunne sette ein prislapp på utkastet. For å konkretisere og tilpassa vinnarutkastet til våre behov har Ulstein sokn difor bestilt eit skisseprosjekt med ei kostnadskalkyle. Når resultatet føreligg i 2017 vil soknet gå vidare for å få på plass ein finansieringsplan og eit kommunevedtak for bygging av Ulstein nye kyrkje.

Ulstein sokn har engasjert konsulentfirma Osberget i arbeid med å marknadsføre prosjektet og til å gi auka oppslutning i gjevartenesta.

## 13.2 KYRKJEBYGGARAR I VÅR TID

For å sikre finansiering til bygging av Ulstein nye kyrkje starta Ulstein sokn ei gjevarteneste «Kyrkjebyggjarar i vår tid» då vinnarutkastet «Excelsior» til arkitektkontoret Snøhetta blei presentert. Målet er å samle inn middel til å kunne betene lånet for det nye kyrkjebygget dei første 10 år sjølv som kyrkjelyd med eit omfang på kr. 30 mill. Dette er eit ambisiøst mål. Per 31.12. 2016 var det 49 personar som har teikna ei kyrkjebyggaravtale eller gitt enkeltgåver. Pengane er sett av til eit bunde fond. Per 31.12.2016 var det kr. 1.349.761 i fondet.

Saman med innbetalte enkeltgåver har kyrkjebyggaravtalene, som er teikna per 31.12.2016, ein verdi på kr. 4.761.000.

# 14 ØKONOMI

## 14.1 SAMANDRAG REKNESKAP 2016 FOR ULSTEIN SOKN

	<b>Notar</b>	<b>Rekn 2016</b>	<b>Bud 2016</b>	<b>Rekn 2015</b>
<b>DRIFTSINNTEKTER:</b>				
<b>Salsinntekter</b>		<b>-683 304</b>	<b>-715 025</b>	<b>-733 337</b>
<b>Refusjonar</b>		<b>-3 523 155</b>	<b>-3 473 911</b>	<b>-3 564 138</b>
Tilskot frå staten (Møre B.råd)		-1 308 600	-1 205 500	-1 271 051
Tilskot frå kommunna	1	-4 894 772	-4 720 801	-4 879 773
Tilskot frå Uk til barnehagen		-940 000	-940 000	-855 000
Renter/avdrag UK	2	-798 188	0	-777 861
Tilskot frå kyrkjeleg fellesråd		-6 255	0	
Offer til eiga verksemد		-167 155	-138 000	-130 052
Offer anna verksemد	3	-276 921	-270 000	-230 042
Minnegåver	3	-31 102	-30 000	-51 241
Innsamla midlar andre (fasteaksjonen)		-129 911	-125 000	-109 075
Gåver eiga verksemد	4	-1 363 248	-14 000	-51 607
Gjevarteneste		-10 000	-15 000	-14 500
<b>Tilskot og gåver</b>		<b>-9 926 152</b>	<b>-7 458 301</b>	<b>-8 370 203</b>
<b>Finansutgifter</b>		<b>-695 638</b>	<b>-250 486</b>	<b>-876 945</b>
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>-14 828 249</b>	<b>-11 897 723</b>	<b>-13 544 623</b>
<b>Driftsutgifter:</b>				
<b>Lønn inkl sosiale utgifter</b>		<b>5 977 281</b>	<b>5 884 691</b>	<b>5 599 052</b>
<b>Kjøp av varer og tenester</b>		<b>1 901 089</b>	<b>1 749 110</b>	<b>2 076 938</b>
Refusjon til kommunna	1	253 393		228 000
Ref. til fellesråd		0		506
Refusjon til andre		0		1 320
Interne overføringer	5	3 153 108	3 153 108	3 105 221
Mva - generell momskomp. utg.		228 473	288 878	349 629
Tilskot til kommune		0		0
Overføring til andre		2 723		4 420
Overføring offer til anna verksemد	3	283 280	270 000	230 224
Overføring minnegåver	3	31 102	30 000	54 451
Overføring av innsamla midlar (fasteaksjonen)		129 911	125 000	109 075
Tilskot/gåver til andre		1 629	10 000	14 159
Tilskot til kurs og kr. verksemد		7 800	15 500	29 500
Tilskot til utstyr b/u-arbeid		0	3 000	0
<b>Overføringer</b>		<b>4 091 419</b>	<b>3 895 486</b>	<b>4 126 506</b>
Renteutgifter, lånekostnader		47 694	72 000	77 719
Avdragsutgifter	2	912 188	115 000	871 792
Kjøp av andelar		0	11 000	0
Avsetjing til disp.fond	6	84 065	170 436	157 424
Avsetjing til bundne fond	4	1 349 761		0
Avskrivingar		464 752		464 752
<b>Finansutgifter</b>		<b>2 858 460</b>	<b>368 436</b>	<b>1 571 687</b>
<b>SUM DRIFTSUTGIFTER</b>		<b>14 828 249</b>	<b>11 897 723</b>	<b>13 374 184</b>
<b>Rekneskapsmessig underskot/overskot</b>		-	-	<b>-170 439</b>



## NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR ULSTEIN SOKN

2016

1 I rekneskapen er det også tatt med kr. 228.000 for verdien av tenester som kommunen bidrar med i samsvar med inngått avtale. Dette er ikkje del med i budsjett

2 I rekneskapen er det også teke med renter og avdrag for lån som kommunen har tatt opp på vegner av soknet. I budsjettet er det berre med lånet som soknet har i Danske bank

3 Offer til anna verksemd ligg også som utgift under overføringer

4 Ulstein sokn har i 2016 starta ei innsamling til bygging av Ulstein nye kyrkje. Kr. 1 349 761 var gitt øyremerka til bygging av Ulstein nye kyrkje er satt av i eit bunden fond etter vedtak i Ulstein sokneråd

5 interne overføringer har sin motpost under refusjonar på inntektssida. Interne overføringer er den fordelinga som er gjort på ulike ansvarsområder som

t.d. kyrkja, administrasjon og kyrkjegården

6 Overskot frå 2015 sett av i disposisjonsfond etter at negativ driftsresultat er trekt frå. I praksis betyr det at Ulstein sokn har hatt eit negativt driftsresultat på kr.

86 371 i 2016


## 14.2 OFFER, KOLLEKT OG GÅVER I 2016

Ulstein sokn samlar regelmessig inn kollekt på gudstenestene. I 2016 gjekk største delen av kollekten, kr. 276.921, til eksterne formål. Det blei samla inn kr. 167.155 til eigne formål. Til saman har den innsamla kollekten hatt ei auke på kr. 83.982 i forhold til 2015.

Konfirmantane er sentrale ved den årlege innsamlinga av fasteaksjonen til Kirkens nødhjelp sitt arbeid. Her har det også vore ei flott auke i innsamla middel frå kr. 109.075 i 2015 til kr. 129.911 i 2016

Ulstein sokn har også ei eiga gjevarteneste for å finansiere stillingar i soknet som jobbar med barn og ungdom. Her har utviklinga gått nedover dei siste åra.

### Offer / gaver utanom gjevarteneste til Ulstein nye kyrkje



<b>Oversikt over kollekt til eksterne formål</b>	<b>TOTALT</b>
AMATHEA	4397
BIBELSELSKAPET	9621
BLÅ KORS	3719
HALD INTERNASJONALE SENTER	4558
IKO	6503
ISRAELMISJONEN	5270
KFUK/M Møre & Romsdals krins	14918
KFUK/M speidarane i Ulstein	6268
KFUK/M Ulstein	6029
KIRKENS FAMILIEVERN	2558
KIRKENS NØDHJELP	20715
KIRKENS RESS. MOT VOLD	4333
KIRKENS SOS (M&R)	3294
KRIK LOKALT	4729
MENIGHETSFAKULTETET	5171
MENNESKEVERD	4251
MISJONSALLIANSEN	8323
NMS: Ulstein sokn sitt misjonsprosjektet i Midtausten	15096
Det Norske Misjonsselskap	16116
NMS v/Kjelsund Leirstad	8201
NORGES KRISTELIGE STUDENT OG SKULEUNGDL.	5826
NORMISJON	4022
OPNE DØRER	5628
RØDE KORS	292
SJØMANNSKIRKEN	9753
STEFANUSALLIANSEN	7542
SUFH (inkl. utdanningsfond og solidaritetsprosjekt)	26645
SYKEPLEIERNES MISJONSFORENING	14058
SYRIAKRISEN	12781
SØNDSGSSKULE SUNNMØRE KRINS	7075
SØNDAGSSKULANE I ULSTEIN	16495
TV-AKSJONEN RØDE KORS	6693
ULSTEIN TENSING	6041
<b>TOTALT</b>	<b>276920</b>





## 15.1 KYRKJESIDA I VIKEBLADET

Annankvar veke har Ulstein sokn ansvaret for å leve stoff til kyrkjessida i Vikebladet. Dette er ein fin måte å orientere lokalsamfunn om kva som skjer innan soknet, ikkje berre gudstenester, men også alt barne- og ungdomsarbeid som skjer gjennom heile veka. Saker kjem og i lokalavisa gjennom redaksjonelt stoff.

## 15.2 HEIMESIDER OG SOSIALE MEDIA

Det er viktig for oss å nå ut med informasjon i ulike kanalar og på ein måte som gjer kyrkja synleg på ein inviterande måte. Aktiviteten på sosiale media har auka i året som har gått.

Ulstein sokn har også laga program, informasjonsbrosjyrar og plakatar.

På heimesida [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no) kan ein lese om soknet sine aktivitetar, melde seg på arrangement, finne generell informasjon om kyrkja og lese nyhende.

Nytt av året er heimesida [www.ulsteinnyekyrkje.no](http://www.ulsteinnyekyrkje.no) som inneheld informasjon om gjevartenesta for Ulstein nye kyrkje og om Snøhetta sitt vinnarutkast Excelsior.

Kyrkjeverje er redaktør for begge heimesidene og kyrkjelydssekretær har ansvar for jamleg oppdatering.

Ulstein sokn har også ei facebookside (Ulstein kyrkje) som vert brukt til å publisere arrangement og hendingar i soknet, og med Facebook når ein ut til endå fleire.

## 15.3 SAMARBEID MED ULSTEIN KOMMUNE

Ulstein sokn har eit godt samarbeid med Ulstein kommune, som er nedfelt i ei avtale. Avtalen har løpt ut i 2015 og treng ein grundig gjennomgang og fornying.

Ulstein sokn er glad for at Ulstein kommune er merksam på dei utfordrande forhold som soknet har med dei tilgjengelege lokala for aktivitetane sine. For å kunne gå vidare med planar for bygging av Ulstein nye kyrkje, har Ulstein kommune gitt investeringsmidlar på kr. 1.000.000,- til arkitektkonkurranse våren 2016. Det er og lagt inn kr. 1.200.000 for skisseprosjektet til Ulstein nye kyrkje i budsjett for 2017.

## 16 SLUTTORD

Ulstein Sokn – Ulstein Kyrkje – ei kyrkje og eit sokn i ein bygdeby, som reknar heile verda som sitt nære omland. Som dagleg tek imot internasjonale «gjestar» frå alle verdshjørner. Ei kyrkje i eit samfunn som generasjonane før oss har tufta på «Gudstru og nøysemd», og er i dag eit samfunn bygget på kunnskap, vitskap, arbeid og kapital.

Debatt og meiningsytringar i media, kan synast å avspegle eit samfunn som er godt sjølvhjelpt, eit samfunn som ikkje lenger kjenner behov for ei kyrkje, på same måten som tidlegare generasjonar. Då er det svært gledeleg å kunne legge fram ei årsmelding med statistikk som dokumenterer ei auke i gudstenestebesøk, høg oppslutning på dåp og konfirmasjon i 2016. Dette er eit signal om at Ulsteinsamfunnet framleis kjenner tilhøyret til kyrkja si. At kyrkja vår framleis er viktig, både som åndeleg heim, kjelde til kunnskap og undervisning, ein trygg arena for born og unge, viktige diakonale tenester, kulturformidling, fest- og høgtidsdagar, og ei verdig

ramme for oss alle ved vefs ende.

Ulstein Kyrkje betyr ein forskjell i Ulsteinsamfunnet!

Ein flott og god arbeidsplass for ein profesjonell stab. Ei opa kyrkjedør, og ein lav dørstokk som ynskjer alle velkomne, uansett alder, ståstad og behov.

Eg har nok inga 170 år gammal kyrkjhistorie å vise til, men den nærmar seg 50.... Når farmor stod fullrigga i hatt og kåpe ved vegkanten og venta på kyrkjbussen søndagsmorgenane, hende det at vi borneborna fekk vere med. Og mine fyrste kyrkjeminne er om mentoldrops frå farmor si handveske, reisa til Vik med Kollenbussen, og englar i kyrkjetaket som blunka til meg...!

Eg kjenner ei STOR glede over å få vere del av dette store, flotte arbeidet som vert gjort i soknet vårt kvar dag, kvar veke, kvart år!

*Annelise Kleven Godø, soknerådsleiar*



# *Ulstein Sokn*

## *Årsmelding 2016*

[www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)



DEN NORSKE KYRKJA

*Meir himmel på jorda*